



John Aksel Hatland  
Holsbergstien 19  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2698 - 14/10115

Saksbehandlar:  
Reidun Iden Lædre  
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:  
24.06.2014

## Godkjenning - oppføring av garasje gnr. 10, bnr. 205, snr. 3

**Administrativt vedtak. Saknr: 174/2014**

**Eigedom:** 10/205/3  
**Byggjeplass:** Holsbergstien 19  
**Tiltakshavar:** John Aksel Hatland  
**Planstatus:** Reguleringsplan Holmemarka Aust - bustad

**Søknad om:** Garasje

### **Saksutgreiing:**

Det vert vist til søknad om tiltak utan ansvarsrett, motteke 04.06.2014. Søknaden gjeld bygging av ein garasje med eit bruksareal på 28,3m<sup>2</sup> på gnr. 10, bnr. 205, snr. 3 i Holmemaraka.

### **Vurdering:**

#### Planstatus:

Eigedomen er i reguleringsplan for Holmemarka Aust regulert til bustad.

#### Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla i perioden 27.05.2014 – 02.06.2014. Det er ikkje motteke merknader til varselet og alle naboar har samtykka til tiltaket. Det er ikkje naudsynt med ytterlegare varsling i saka. Nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

#### Utnyttingsgrad:

Tillete grad av utnytting på tomta (som ligg i B5) % BYA er 36 %. Følgjeleg samsvarer tiltaket med reguleringsplanen.

Planløyving og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløyving og er i samsvar med Pbl § 29-1.

**Vedtak**

”Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-2 løyve til bygging av garasje på gnr. 10, bnr. 205, snr. 3 i samsvar med søknad stempla motteke 04.06.2014.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar motteke 04.06.2014.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søkjar – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkelova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så langt det ikkje er gjeve unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Meland kommune ber om at det vert meld frå når tiltaket vert starta opp og ferdigstilt.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.”

*Vedtaket kan påklagast etter forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.*

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

John Aksel Hatland

Holsbergstien 19 5918

FREKHAUG